

## Saksliste

**Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg**

<b>Møte:</b>	7 - 2018
<b>Tid:</b>	3. og 4.desember kl. 13 - 17 og 9 - 12
<b>Stad:</b>	Alver Hotel
<b>Til stades:</b>	Olav Mongstad, Grete Herøy, Helga Ellingsen, Ove Sæbø, Ingebjørg Søreide, Leni Dale, Nina Kvamme, Heinz Diehl, Helge Kvam og Anne Hildegunn Færøy
<b>Møteleiar:</b>	Helga Ellingsen
<b>Referat:</b>	Anne Hildegunn Færøy

**Saksliste:**

Saksnr	Saker
41/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> - godkjent utan merknader
42/18	<b>Godkjenning av referat frå møte 26.oktober</b> - godkjent utan merknader
43/18	<b>Saker til drøfting i Samarbeidsutvalet for NH</b> Gjennomgang og diskusjon om saker som skal til handsaming i Samarbeidsutvalet for NH 7.desember.
44/18	<b>Frisklivs-, meistrings og læringstilbod i Nordhordland</b> Kort orientering om kva kommunar som har handsama saka og svara om dei skal delta i fast samarbeid om FML-tilbod i NH. Alle kommunane har svara utanom Fedje og Austrheim. Masfjorden har meldt at dei ikkje deltar i samarbeid om dette tilbodet.
14.00 - 15.30	<b>Velferdsteknologiprosjektet.</b> - møte i styringsgruppa. Eige referat er sendt ut for denne delen av møte.
	<b>Open time</b>
45/18	<b>Ledige plassar ved sjukeheimar i fleire kommunar</b> - tema vart drøfta.
46/18	<b>Møteplan 2019</b> Vedlagt møteplan godkjent. Anne Hildegunn sender ut innkalling i outlook.
47/18	<b>LKT - prosjektet (Langvarige og koordinerte tenester)</b> Anne Kvalheim, prosjektleiar presenterte prosjektet med plan for førebuing og gjennomføring av pilot. Presentasjon vedlagt.  LKT - presentasjon til Kommunalsjefgruppei
48/18	<b>Læringsnettverket - KS - Rus og psykiatri</b> KS har invitert kommunar og Helse Bergen til å delta i læringsnettverk for gode pasientforløp innan psykisk helse og rus. Nettverket startar med eit seminar 30. og 31. januar på Hotell Edvard Grieg på Sandslia. Fleir av kommunane har meldt seg på.
49/18	<b>St.mld. 15 - Leve hele livet</b> - korleis vert denne fylgd opp i kommunane? Olav viser til at han saman med andre leirarar i kommunen skal laga ein plan for korleis Austrheim kommune føl opp denne stortingsmeldinga. Leni viser til at tiltak slik det er skissert i meldinga kan innarbeidast i kommunen sitt planverk. Alver kommunane skal setja ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å arbeida med oppfølging av St.mld. 15.

50/18	<p><b>Krav om dagtilbod til demente</b></p> <p>Lovfesta plikt for kommunane til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens er sendt på høyring. Helga har stilt spørsmål om kommunane skal utarbeida ein felles uttale til <i>Høyringsnotat om lovfestning av plikt for kommunane til å tilby dag-aktivitetstilbod til heimebuande personar med demens</i>.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Gruppa er samd i at det vert utarbeidd ein felles høyringsuttale. Helga utarbeider utkast som ho sender på ein gjennomgang i gruppa. Frist for innsending er sett til 14. januar.</p>
51/18	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li><b>1. Prosjekt rekruttering av psykologar i kommunane</b></li> </ol> <p>Regionrådet og Helseutvalet har sluttar seg til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å vurdera modell for rekruttering av psykologari kommunane. Det er føreslått at kommunalsjefgruppa utpeikar ein av medlemmene til å delta i denne arbeidsgruppa. Olav Mongstad vert utpeika til å representera kommunalsjefgruppa i dette arbeidet.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li><b>2. ØHD - evaluering av døgnposten.</b></li> </ol> <p>Terese Folgerø, leiar av arbeidsgruppa som har fått i oppdrag å evaluera ordninga med døgnplassar for øyeblikkelig hjelpe har sendt nokre spørsmål til kommunalsjefgruppa og bede om innspel til nokre problemstillingar rundt dette arbeidet. Kommunalsjefgruppa er samde i at ØHD ikkje bør ta imot pasientar frå sjukehusa. I et økonomisk perspektiv er dette helt urimelig, men ser vi vekk fra det, vil denne ordninga også kunne føre til at reelle ØHD-pasientar ikkje får plass. Gruppa meinar at vi heller bør «tåle» å ha ledig kapasitet, men at vi må lage et prosjekt på dette inn mot nytt helsehus. Det er litt ulik praksis i kommunane om pasientar vert lagt direkte inn i sykehjem som ØH utan vedtak. Ingen har definerte plasser til formålet. Kommunane lengst vekke frå Knarvik praktiserar dette ved behov, men det vert peika på frå fleire at ordninga med tilgjengeleg lege for tilkalling er på hell. Nye legar vil ikkje påta seg denne oppgåva slik ordninga er i dag. Det var ikkje mulig å få eit anslag over senger som blir brukt til formålet. Leni Dale sender svar på vegne av kommunalsjefgruppa.</p>